

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
16/14	Levekårsutvalet	PS	04.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Wergeland	FA - B34	14/308

## Elevpermisjonar - retningsliner for søknad om permisjon frå grunnskuleopplæringa

### Vedlegg:

Elevpermisjonar - retningsliner for søknad om permisjon frå grunnskuleopplæringa

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningsliner for søknad om permisjon frå grunnskuleopplæringa vert vedteken.

**Framlegg frå Levekårsutvalet - 04.03.2014:**

**Framlegg frå Bjørn Brunborg (AP):**

**Tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.**

*Rettighet til at fråværsdagar knytta til permisjon, etter søknad, ikkje blir ført på vitnemålet, blir opplyst om på "søknadsskjema elevpermisjonar" og i retningsliner for elevpermisjonar.*

*Forskrift til opplæringslova §3-41.*

## Levekårsutvalet - 16/14

### LE - behandling:

**Handsaming i Levekårsutvalet - 04.03.2014:**

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

### LE - vedtak:

**Vedtak i Levekårsutvalet - 04.03.2014:**

Retningsliner for søknad om permisjon frå grunnskuleopplæringa vert vedteken.

Rettighet til at fråværsdagar knytta til permisjon, etter søknad, ikkje blir ført på vitnemålet, blir

opplyst om på "søknadsskjema elevpermisjonar" og i retningsliner for elevpermisjonar.

Forskrift til opplæringslova §3-41.

### **Saksopplysningar:**

#### **Vurdering:**

Retningslinene for søknad om permisjon frå grunnskuleopplæringa vart sende på høyring til skulane og skulane sine rådsorgan den 21.11.13 med høyringsfrist 31.01.14.

Det kom inn høyringsuttalar frå fem skular.

Desse hovudmomenta vart vurdert endra etter høyringa:

1. Lengda på permisjonen
  - Tre av skulane ønskte at omgrepet permisjon i «to veker» skulle presiserast til tal skuledagar, blant anna sidan nokre skular i Lindås ikkje har 5 skuledagar på dei lågaste trinna.

Rådmannen har fått presisert frå Fylkesmannen at det ikkje er tal dagar som skal vurderast, men lengda av fråværet. «To veker er to veker uavhengig av kor mange av dagane som er skuledagar.»

2. Vurdering av søknadar
  - To skular meinte det var for strengt å seia absolutt nei til permisjon i periodar med Nasjonale prøvar og obligatoriske kartleggingsprøvar fordi dei aktivitetane ikkje er viktigare enn anna undervisning.

Lindås kommune er pliktige å rapportera til kommunestyret og fylkesmannen med bakgrunn i desse prøvane som er del av det nasjonale kvalitetsikringssystemet. Det er også eit mål at skulene brukar resultatane på desse for å tilpassa si opplæring til den enkelte eleven og for å

finna styrker og svakheiter i gruppa si læring. Rådmannen ser likevel at dette kvalitetssikringssystemet ikkje er like viktig for alle elevar og retningslinene har fått formuleringa:

*«I Lindås skal det som hovudregel ikkje gjevast permisjon i periodar med*

*førebuing og gjennomføring av:*

- *Obligatoriske statlege kartleggingar*
- *Nasjonale prøvar»*

- I vurdering av om permisjonen er forsvarleg er eit moment eleven si faglege utvikling. Det var uro for at fagleg utvikling ville bli forstått som flinke elevar. For å visa at ein kan ha fagleg utvikling uavhengig av nivå er dette presisert.

*«Eleven si faglege utvikling – uavhengig av fagleg nivå»*